

Kommunal- og regionaldepartementet
P.b. 8112 Dep.

0032 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
08/1673-5/TOR	014 &13		04.09.2008

FORSLAG TIL ENDRINGAR I VALLOVA OG KOMMUNELOVA

Kommunestyret behandla i møte 02.09.2008 sak 78/08. Det vart gjort slikt vedtak:

Gol kommune har desse merknadane til høyringsdokumentet pr 27.06.08:

Til forslaga i punkt 1, 4 og 5 – full tilslutning.

Til punkt 2 og 3 desse merknadane:

Det må vera unødvendig å leggje inn eit nytt punkt om at 1/3 av kommunestyret skal ha ei rolle her. Kan det ikkje vera som nå, der enten kommunestyret bestemmer dette, eller overlet det til valstyret, da er det eit byråkratiserande element som blir innført meir enn ein viktig demokratisk rett. Dessutan stimulerer ei slik lovendring neppe den lokale dialogen og samspelet. Ein delegasjon til valstyret blir i så fall ein delegasjon med atterhald eller klagerett.

(punkt 2) Å opne for ein time seinare stenging av vallokala på valdagen (mandag) vil få kostnadmessige og også ein del andre praktiske konsekvensar. Viss vi totalt sett er villige til å ta konsekvensane, m. a. med å få resultata av vala seinare, halde opptelling lenger ut over kveld og natt, så er forslaget positivt.

Til punkt 6:

Det må vera ei vidare ramme som kommunar og fylkeskommunar har i dag enn som vil kunne bli konsekvensen av lovforslaget. Med m.a. forskrift (§ 15-11 (5) ligg det også til rette for unødige hinder for å gjennomføre lokale folkerøystingar. Dagens lovverk som ikkje lovfestar folkerøystingar gir ei absolutt fri ramme. Med norsk erfaring til folkerøystingar vil lovfesting vel så mykje kunne virke som ansvarsfråskriving, pulverisering og eit alibi, meir enn eit konstruktivt element i demokratibygging. Rådgjevande røystingar har ikkje på nokon måte utspelt si rolle.

Å påleggje kommunar og fylkeskommunar ei lovmessig plikt til å bistå i å samle

historisk og forskningsmessig informasjon på dette området må vera totalt unødvendig.

Gol kommune ynskjer også å gje følgjande merknader til høyringa:

- (s.12) Det er positive sider ved at departementet har sett i gang ein konkurrane i ”Design og demokrati”, men det kan her også bli lagt ei indirekte føring på kommunane som i neste omgang må bruke ikkje ubetydelege beløp i t.d utskifting av elles funksjonelt valmateriell og utstyr.
- (s.20) Det er viktig at departement og KS arbeider vidare med maskinelle løysingar mm til datasystem og program, og inkludert vurderer og at vi får på plass ei godkjenningssordning eller sertifisering.
- (s.27) Det virkar unødig detaljerande å lovfeste førehandsrøystng på bestemte stader. Dette må kunne liggje til lokal avgjerd.
- (s.29) Detaljering av opningstider (her spes.førehandsrøystng) må i det vesentlege vera ei lokal sak.
- (s.36) Det er viktig at departementet har nødvendig dialog i høve postsendingane da det ofte synest marginalt kva det er mogleg å avtale av lokale løysingar.

(s.53) Som departementet peikar på skal ein vera varsam med hyppige endringar i vallova, og spesielt viss endringane ikkje er praktisk og prinsippielt viktige.

Med venleg helsing
Gol kommune
Astrid Ø Brenna

for
Tor O Bergum
avdelingsleiar

Kopi til: